



Solund kommune

Ordføraren

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

ArkivsakID: 20/415 **JournalID:** 21/977 **Arkivkode:** K1-122, K3-&13 **Dykkar.ref** **Dato:** 26.03.2021

Fråsegn til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Solund kommune viser til høyringsdokument «Berekraftig verdiskaping» og til invitasjon til å kome med innspel til plan for innovasjon og næringsutvikling. Ein viser også til tidlegare innspel gjeve i høyringsmøte.

Solund kommune vil innleiingsvis peike på fylgjande:

- Solund kommune meiner dei tre satsingsområda og måla der er gode. Det avgjerande er korleis vi arbeider for å måla.
- For å nå måla må vi få til samhandling og samskaping på ein slik måte at vi dreg i same retning. Generelt meiner Solund kommune at det er viktig at fylkeskommunen ser heilskapen og samanhengane mellom dei ulike regionale planane. Kommunane har behov for å møte fylkeskommunen som ein organisasjon, og minst mogleg fragmentert. Til dømes kan næringsutvikling hjå ein kommune handla om t.d.utbetring av tunellar eller anna infrastruktur eller det kan handle om gode butilhøve.
- Solund kommune oppmodar fylkeskommunen om å ha tillit til lokal kunnskap og erfaring, og nytte dette aktivt i utviklingsarbeidet.

I det vidare arbeidet med planen ynskjer vi at desse punkta vert vektlagt:

1. Solund ligg svært sentralt i høve kysttrafikk og maritim og marin aktivitet. Det er slik naturleg at næringar knytt til sjøen og kystlandskapet er viktige i verdiskapinga. I kommunen er særleg havbruk, fiskeri og verftsindustri viktige næringar, og dei siste åra ser vi også ein auke i tal besøkande som vil oppleve kommunen som reisemål.

2. Næringsutvikling og samfunnsutvikling må sjåast i samanheng, og fylkeskommunen må bruka sine verkemiddel heilskapleg. Næringsutviklingstiltak bør koma i tiltakspakker saman med ma. tiltak for bustadutvikling, inkludering, stadutvikling og tilflytting.
3. Både ferjedrift, hurtigbåtar, flyruter og flyplassstruktur høyrer med som eit satsingsområde i ein plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland. Planen bør visa at forbetra infrastruktur på land og sjø, inkludert internett, er grunnlag for framtidig innovasjon og verdiskaping. Planen bør også vise korleis infrastrukturen kan auke tilgjenge til ein utvida arbeidsmarknad og tilgang til regionalt/nasjonalt rutenett som t.d. fly.
4. Å endre anløpskai frå Krakhella til Hardbakke må vera eit sentralt regionalt verkemiddel for innovasjon og næringsutvikling. Dette vil korte ned reisetid til delar utanfor kommunen betydeleg, og slik ha stor verdi for innbyggjarar, næringslivet og truleg også opne for ein utvida arbeidsmarknad. Slik vil endringa også ha stort potensiale for auka innovasjon og næringsutvikling i Solund. Fylkesutvalet i Vestland støttar konklusjonane og fylkesrådmannen sine vurderingar om endra stopp for båtruta Bergen-Selje-Bergen i Solund.
5. Kommunale næringsfond er viktige for innovasjon og næringsutvikling. Målet med fonda må vera å styrkja næringsutvikling og sysselsetting. Kommunen sine prioriteringar skal skje på bakgrunn av vedtekne planar for regional og lokal utvikling, og nyttast til kommunal tilrettelegging, stønad til nyetableringar og vidareutvikling av eksisterande verksemder.
6. Heilårs, bærekraftig reiseliv er i vekst i Solund, og det er lokale aktørar som satsar i næringa. Fylkeskommunen sin samla innsats innan reiseliv, kultur og idrett er viktig for denne verdiskapinga. I vårt område er kommunikasjonar ein vesentleg del av det å kome til opplevinga, men sjølv reisa er for mange eit reiselivsprodukt i seg sjølv. Særleg gjeld dette dei lokale båtrutene. Desse fungerer som reiselivsprodukt, i tillegg til å vere basisen for at det er busette på øyane, og bidreg til auka bruk av overnatting, aktivitet og serveringstilbod.
7. Som ein følgje av høg verdiskaping har distrikta og lokalsamfunna der behov for å tiltrekka seg høgt kvalifisert arbeidskraft. Regional politikk og verkemiddelbruk må differensierast ut frå ulike behov i ulike delar av fylket for å få dette til.
8. Arbeidet må skapa inkluderande lokalsamfunn også for kvinner og jenter. Kva framtidsrom finst for desentralisert arbeidsliv og jobbar som kvinner ynskjer? Det er viktig at fylkeskommunen som organisasjon kjenner heile fylket. Desentraliserte arbeidsplassar kan fungera godt om ein er medviten om korleis ein samhandlar både internt og med kommunane.
9. Mangfald kan vera ein ressurs for næringsutvikling og innovasjon. Det avgjerande er å ha gode ordningar for kvalifisering og språkopplæring, slik at alle kan kjenne seg som ein ressurs i samfunnet.
10. Vidaregåande skular skal vera fylkesdekkjande, og for Solund sin del må fleire skular samhandla med vårt næringsliv. Fylkeskommunen som skuleeigar må samhandla med lokalsamfunna om opplæringsløpa. Potensialet for desentralisert utdanning bør nyttast i større grad, både knytt opp til fylket sine eigne skular, (fagskulen og dei vidaregåande skulane) og til andre kompetansmiljø, t.d. høgskule og universitet. Tilgang til slike tilbod må opplevast like tilgjengeleg i alle delar av fylket.

11. Det må arbeidast systematisk og tverrfagleg med innovasjon for å auka verdiskapinga basert på ressursane i sjøen og i kystlandskapet.

12. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling må peika på smartare måtar å utnytte den kapitalen som ligg bunden i fråflytta gardsbruk i utkantane.

13. Fylkeskommunen må fremja ein innovasjonskultur og konkret innovasjon i samarbeid med små kommunar. Det er forventa at fylkeskommunar og kommunar skal yta betre tenester med knappare ressursar i møte med endra befolkningssamansetting, forventingar om bruk av ny teknologi, auka behov for sektorovergripande samarbeid om samfunns-floker. Tilsette i fylkeskommunen og kommunane må difor kunna snu seg raskt rundt og tenkja nytt for å sjå nye utveggar i alt vi gjer.

14. Små kommunar har generelt behov for tett dialog med regionalt nivå. Lokalkunnskap og -kjennskap er viktig. Kontakten med tiltaksapparatet må vera med nokon som kjenner lokalsamfunna.

15. Vi bør vera modige og prøva ut nye (sam)arbeidsformer. Fylkeskommunen bør streva etter å skreddersy korleis ein vil samhandla med kvar kommune og kommuneregion. Tiltakspakker må vera skreddersydde utifrå dei verkemidla fylkeskommunen har. I vår region er Fjordkysten Regional- og Geopark eit godt døme på ei ny samarbeidsform.

Med helsing

Gunn Åmdal Mongstad
ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent